Bjerkrein

Kulturskule

2020-2021

Velkommen til kulturskulen

Det er no tid for å søkja om plass i kulturskulen for neste skuleår.
Alle elevane som har plass dette året, får det automatisk neste år, men alle må re-registrera seg på nettet.

Alle får melding om plass, eventuelt venteliste, innan 20. juni. Dersom du likevel ikkje ønskjer denne plassen er frist for avmelding innan ei veke. Foreldra må logga seg inn på ei nettside, og kan der leggja inn alle opplysningar. Du finn informasjon om det bakarst i denne brosjyren

Dei elevane som har gått i musikkgruppe, vert prioritert, slik at dei får plass. Dersom det ikkje er ledige plassar på det instrumentet dei søkjer på, får dei tilbod om eit anna instrument.

I denne brosjyren finn du ein kort omtale av dei ulike tilboda. Tilbodet er variert og omfattande. Dersom du ynskjer meir informasjon om kulturskulen og dei ulike tilboda, er du velkommen til å ringja oss på telefon 51201130.

Kulturskulen ser det som svært viktig i undervisningsopplegget, at elevane får visa fram det dei arbeider med. Difor er jule- og vårkonsertane obligatoriske, både for elevane og dei føresette. Det er viktig at ein då set av dagane. Vi har og som regel eit prosjekt kvart år. Det er ikkje sikkert at elevane får spela sitt instrument då, men må kanskje vera med på andre ting.
Elevane må følgja undervisninga i kulturskulen. Dei må øva heime og møta vel budd til time. Dersom eleven ikkje følgjer undervisninga slik ein forventar, kan han missa plassen.
Vi vonar at svært mange vil finne eitt eller fleire tilbod interessante og høvelege.
Vi ønskjer deg velkommen som søkjar til Bjerkreim kulturskule.

Arne Bjerkreim

Personalet i Bjerkreim Kulturskule

Arne Bjerkreim, rektor:
Orgel, keyboard, trekkspill, piano, musikkgruppe I, teknisk gruppe og korps

Annette Olden Nedrebø: Piano

Gero Dimitrov Geraskov: Gitar, bass-gitar og band

Trond-Martin Tanke :
Trommer

Anne Margrethe Vikeså:
Solosong, Drama/Teater, musikkbarnehage og musikkgruppe II

Gunnar Hårbo:
Klarinett, saksofon og messingblås

Ingeborg Vik: Tverrfløyte

Borghild Hvidsten Gjedrem: Dans og piano

Ane Fuglestad Skutlaberg: Kunstgruppe

Linda Ikdahl: Reinhaldar

Dei ulike tilboda

1. Musikkbarnehage

for 5-åringane i barnehagane. Me legg opp til å læra mange songar frå forskjellige sjangrar. Det vert og litt dans og rørsle, rim og leik. Undervisninga vert på dagtid i samarbeid med barnehagane, men barn som ikkje går i barnehagen kan og delta. Tilbodet er gratis.

2. Musikkgruppe I

Denne gruppa er for elevar på 1. trinn, og er tenkt som ei vidareføring av musikkbarnehagen. Det vert generell musikkopplæring, song og songleikar, rytmisk trening og samspel. Undervisningstid 45 min.

3. Musikkgruppe II

Dette er ei undervisning for elevar på 2. trinn. Denne gruppa er ein slags musikkverkstad der målsetjinga er at elevane skal læra litt om noter, syngja og spela saman, samtidig som me førebur dei til å spela eit instrument. Undervisningstid 45 min.

Elevar som har gått musikkgruppe I og II har prioritert plass på instrumentopplæring etterpå. Dersom det ikkje er ledige plassar på det instrumentet dei har søkt, får dei tilbod om eit anna instrument.

4. Instrument opplæring

for elevar frå og med 3. trinn. Opplæring på piano, keyboard, kyrkjeorgel, trekkspel, gitar, bassgitar, slagverk, klarinett, tverrfløyte, saksofon, kornett og andre messinginstrument. Vaksne (over 18 år) er og velkomne til å søkje, men vert prioritert etter barna, og får bare plass eit år. Undervisningstid 20 min. i veka.

5. Solosong

for elevar frå og med 7. trinn. Opplæring i bruk av stemme og song etter noter og gehør. Det er ein fordel at elevane spelar eit instrument. Undervisningstid 25 min. i veka.

6. Band/orkester/samspelgruppe

Kulturskulen vil leggja til rette for ulike band og grupper. Ei av oppgåvene er å stimulera elevane til å bruka instrumentet sitt saman i grupper der det er mogleg. Tilbodet er for elevar som spelar gitar, bass, slagverk, piano, keyboard, song og blåseinstrument. Undervisningstid 45-60 min.

7. Messingblås

Opplæringa er for elevar frå og med 3. trinn. Elevane får låna instrument gratis. Det vert gitt undervisning på kornett, trombone, althorn og tenorhorn. Undervisningstid 20 min.

8. Kunstgruppe

- for elevar frå og med 4. trinn. Det vert 2 grupper,
ei for nybegynnarar og ei for vidarekomne. (Dersom det er mange vidarekomne, kan det henda at ei av gruppene vert satt saman med både vidarekomne og nybegynnarar.) Det vert brukt maling/tegning der ein lærer om teknikk/fargane/virkemiddel innan bildekunst. Ein maler/tegner både figurativt, abstrakt og fri fantasi. Motivasjon og interesse er viktig for dette faget. Elevane må også betala for materiell. Undervisningstid 90 min.

9. Teater/Drama

Dette er for elevar frå 4. til 10 trinn. Vi deler inn i 1-2 grupper etter alder. Gruppene kan og jobba saman. Det vert lagt vekt på øvingar som går på tryggleik, sjølvtillit, konsentrasjon, stemmebruk, scenetrening og samarbeidsevne. Gjennom leik og improvisasjon vil vi arbeida fram fôrestillingar og bruke teaterets virkemiddel. (Undervisningstid 60-90 min.)

10. Teknisk gruppe

Dette er for elevar frå og med 8. trinn, som kan tenkja seg å jobba med lyd og lys. Det er først og fremst ei praktisk arbeidsgruppe, men med litt teori. Elevane får læra å kopla saman lyd/lysanlegg, og miksa lyd/lys på diverse arrangement. Gruppa er tenkt brukt til rigging av lyd/lys til forskjellige arrangement i kulturskulen, men og andre oppdrag som for eksempel, ungdomskoret, arrangement i kyrkja, bedehusa, samfunnshuset og andre små eller store arrangement i, eller utanfor kommunen. Tilbodet er gratis. (Undervisningstid 45-90min)

11. Dans

Dette er for elevar frå 3. til 10 trinn. Vi deler inn i 4 grupper etter alder. Dette er eit tilbod om danseopplæring til variert musikk med vekt på rytme, koordinasjon og rørsle. Elevane lærer trinn og dansar i ulike stilartar og får jobbe med teknikk, koreografi, uttrykk, bevegelighet, og ikkje minst utvikla sine eigne kunstneriske sider. Undervisningstid 60min

Bjerkreim kulturskule

Betaling pr semester:
Satsane vert vedtekne av kommunestyret kvart år. For haustsemesteret gjeld fylgjande satsar:

- Instrument/smågrupper kr 1400
- Dans 900
- Band/orkester/samspel kr 800
  (Gratis dersom ein får undervisning på instrument)
- Leige av instrument kr 230
  Eleven må betala for noter og materiell.

Dersom ein er påmeld til eit semester, må ein betala for heile semesteret, sjølv om eleven sluttar etter kort tid.

Instrument.
For å få undervisning på eit instrument må eleven ha eit instrument til å øve på heime. Kulturskulen har 5 tverrfløyter, 3 alt saksofonar, 7 klarinettar og 1 bassgitar til utleige. Dei som går på messingblås får låna instrument gratis av korpset.

Opptak/utmelding
Kulturskulen har som mål at alle som ønskjer det skal få plass. Elevar under 18 år og elevar som har gått i musikkgruppe vert prioritert først. Melding om opptaket vert sendt i juni. Dersom ein då ikkje tek imot plassen, må avmelding sendast innan 1 veke. Utmeldingar skjer **skriftleg** til kulturskulen innan 1. juni for haustsemesteret og 1. desember for vårsemesteret.

Utleige av kulturbanken
Vi leiger ut kulturbanken til selskap, konfirmasjonar og andre feiringar. Max antall kuverter er 75. Ta kontakt for meir info.

Telefon & E-post
Telefon kontoret: 51 20 11 30
Mobiltelefon Arne 916 19 041
E-post: arne.bjerkreim@bjerkreim.kommune.no

Søknadsfrist: 5. juni

Gå til fylgjande link for å melda deg på:
https://NOBJERKREIM.speedadmin.dk/tilmelding#

- **trykk på start, og du er i gang……..**

Obs: Alle som er elevar dette året må re-registrera seg innan 31. mai. Der kan du oppretthalda plassen din, leggja til fag, eller melda deg ut. Det er sendt ut e-post til alle elevar om dette.
Ta kontakt dersom du ikkje har fått den.

- Dersom du står på venteliste dette året må du senda ny innmelding.

- **Aktuelle tilbod:**

1. Musikkbarnehage
2. Musikkgruppe I
3. Musikkgruppe II
4. Instrument
5. Solosong
6. Band/orkester
7. Messingblås
8. Kunstgruppe
9. Teater/Drama
10. Teknisk gruppe
11. Dans